

## **Emneevaluering våren 2023**

**Emnekode og namn: NODI302/Fagdidaktikk i nordisk for integrert lektorutdanning**

### **Faglærar si vurdering av gjennomføring**

**Praktisk gjennomføring:** Det var 31 studentar oppmelde i kurset. I alt har det vore gjennomført åtte fysiske undervisningsøkter. All undervisninga vart gjennomført i form av to økter i veka dei to første vekene i semesteret og var dimed avslutta før langpraksisperioden deira i vidaregåande skule. To faglærarar har delt på kurset; ein med språkleg- og ein med litterær innretning.

Fredag før påske, 31. mars, fekk studentane utdelt semesteroppgåva si og hadde deretter seks veker (som det står i emneplanen) på å fullføra denne. Det er eit krav at dei også skal motta tilbakemelding på eit førsteutkast av denne semesteroppgåva. Alle studentane fekk skriftleg tilbakemelding og deretter tilbod om friviljug munnleg rettleiing i tillegg. På semesteroppgåva fekk dei i år eit val mellom to oppgåver, og dei to faglærarane fordelte rettleiinga etter kva for ei oppgåve studentane hadde valt å svara på.

Eit anna arbeidskrav er at studentane skal leggja fram ein pensumtekst anten individuelt eller i par. Dette har dei gjort i form av å laga ein videopresentasjon, som er blitt gjort tilgjengeleg for alle studentane på kurset i Mitt UiB.

Kurset har ikkje hatt krav om oppmøte, og det har vore nokså variabelt oppmøte. Det er sjeldan at studentane har meldt ifrå om at dei ikkje kan koma sjølv om me har oppmoda dei om å gjera det.

Strykprosent og fråfall: 0

Karakterfordeling på semesteroppgåva: A: 1, B: 10, C: 14, D: 4, E: 2 (Tala tek ikkje omsyn til eventuell klagesensur.)

Studieinformasjon: Studentane har fått beskjed på Mitt UiB og på e-post. Studentane vart også inviterte til ein individuell personleg samtale på ZOOM før semesterstart. Om lag halvparten av studentane takka ja til det.

Tilgang til relevant litteratur: Studentane har kunna kjøpa pensumlitteratur i Litteraturkiosken til UB.

Det har blitt lagt ut undervisningsmateriell og anna på Mitt UiB etter forelesingane.

### **Faglærar si vurdering av rammevilkåra**

Lokale og undervisningsutstyr: Forelesingane har vore lagde til grupperom P på Sydneshaugen skole på måndagar mellom kl. 14.15 - 16, og på rom 400 på HF på onsdagar mellom kl. 10.15 – 12. Begge desse stadene og tidspunkta har fungert greitt.

## **Faglærar sin kommentar til student-evalueringan(e)**

**Metode – gjennomføring:** Det vart sendt ut digitale spørjeskjema i to omgangar. Det første skjemaet vart sendt ut rett etter at undervisninga var slutt, og det andre skjemaet etter at studentane hadde fått rettleiing på semesteroppgåva.

Det er berre 11 av dei 31 studentane som svara på den første undersøkinga.

Av dei elleve som har svara på evalueringa, svarar to at dei har hatt 100% oppmøte, fire at dei har hatt 75% oppmøte og fire at dei har hatt 50% oppmøte, og ein at oppmøtet har vore under 50 % av undervisninga.

Ein student oppgjev at hen er svært nøgd med undervisninga, åtte at dei er nøgde og to at dei verken er nøgde eller misnøgde.

Sju studentar svarar at dei er svært nøgde eller nøgde med organiseringa og informasjon om undervisninga, to studentar er verken nøgde eller misnøgde, og to studentar er misnøgde.

Om pensum synest fem studentar at det er for stort, medan seks studentar synest det er passe. Alle elleve synest vanskegraden på pensum er passe. Det er også ei student som seier at pensumet her er det mest interessante dei har hatt på NODI-faga.

Me spurde også om korleis dei opplevde balansen mellom forelesing, diskusjonar og oppgåver på emnet, og seks studentar svarar då at dei synest han er ganske god, tre at han er svak, medan to ikkje veit.

Det som vert trekt fram som noko studentane er spesielt godt nøgde med i undervisninga eller organiseringa, er:

- Dei digitale presentasjonane
- At undervisninga er ferdig før praksisperioden startar
- Undervisningsøkter som kombinerer teori med praktiske aktivitetar
- Varierte og lærerike økter
- Set pris på kreative økter der studentane også har kunna bruka seg sjølve og eigne røynsler
- Har sett pris på å få nokre konkrete undervisningstips

Av forbetingstiltak vert desse punkta trekte fram:

- Det er krevjande om det er forventa at pensum (på 6 mnd.) skal vera lese når kurset er så intenst og går to dagar i veka over fire veker.
- Ønske om litt meir hjelp til pensumgjennomgang i undervisninga og få tydelegare beskjedar om kva som er mest sentralt til kvar økt
- Få beskjed i god tid dersom noko skal gjerast av studentane på førehand
- Studentar vel gjerne jobb framfor å delta på kurs som ikkje er obligatoriske

Studentane har også fått spørsmål om korleis dei opplever balansen mellom forelesing, diskusjonar og oppgåver. Her kjem det blant anna fram at nokon synest forelesingane kunne

vore endå meir knytte til pensum der det vart fokusert på dei viktigaste punkta. Andre trekkjer fram at forelesingane heller kan bli kalla seminar når det vert forventa at studentane er aktive.

Den andre evalueringa vart send ut midt under semesteroppgåveskrivinga, og også her er det elleve studentar som har svara. Om det er dei same som også svara på det første evalueringsskjemaet, veit me ikkje.

Det første dei fekk spørsmål om her, var korleis dei syntest arbeidet med semesteroppgåva hadde fungert. I denne andre evalueringa var det berre opne spørsmål.

Her kjem det fram at dei set pris på at det er ei rettleidd oppgåve, men at dei synest seks veker er for kort tid totalt, og at det er uheldig at oppgåva vert utlevert rett før påske. Fleire er også inne på at dei gjerne skulle hatt høve til å arbeida med semesteroppgåva over heile semesteret og ikkje berre over seks veker slik det står i emneplanen. Dei set pris på at det var to ulike oppgåver å velja mellom.

Studentane gav uttrykk for å vera nøgde med rettleiinga dei fekk på semesteroppgåva. Det kom mellom anna fram at:

- Kommentarane var relevante, gode, konkrete og lærerike
- At dei både fekk vita kva som var bra, og kva som kunne gjerast betre

På dei to siste spørsmåla vart studentane spurde om å peika på noko som dette fagdidaktikk-kurset har lært dei eller gjort dei dyktigare til, og om det er noko dei saknar.

Då kjem det blant anna fram at dei meiner kurset har:

- Gjort dei meir reflektert rundt val, eiga undervisning, fagdidaktiske diskursar og kva tekstar dei skal velja
- Djupare innsikt ved å jobba med semesteroppgåva
- Fått auka medvit knytt til prosesskriving, revisjonskompetanse og tilbakemeldingar
- Gjort dei flinkare til å sjå samanhengar mellom profesjonskunnskap og didaktiske avgjersler
- Kreative forelesingar med kritisk blik har sett spor som dei vil hugsa og ta med seg vidare

Men kva saknar studentane og skulle ønskja at dei hadde hatt meir av?

Dei viser takksemd for å få eksempel på undervisningsaktivitetar, men kan likevel gjerne få endå meir av det. Temaet nynorsken sin plass har vore belyst, men dei vil gjerne ha meir av det. Det vert også nemnt meir pedagogiske tema som grensesetting i relasjon med elevar, kontakt med føresette og kontaktlæraroppgåver. Dei kjem også inn på ønske om å ha meir fokus på det munnlege i norskfaget og korleis det skal vurderast, meir om dei ulike sjangrane der også eigentrening i å skriva i ulike sjangrar sjølv, vert føreslege. Lese- og skrivevanskar, og korleis ein kan arbeida med kontroversielle tema i litteraturen, vert også nemnt. Endå sterkare samsvar mellom teori og praksis og oppfølging av praksiserfaringar, vert også etterlyst. Dette siste vert likevel vanskeleg sidan all undervisning er ferdig før praksisen.

**Faglærar si samla vurdering, inkl. forslag til betringstiltak:**

Alt i alt verkar studentane som har svara på dei to emneevalueringane godt nøgde med kurset NODI302. Kurset er det største fagdidaktikkemnet (10 stp), og undervisninga er intens og kortvarig (går over fire – fem veker).

Det ser ut til å fungera fint at kurset vert delt mellom to didaktikarar, gjerne ein med språkleg- og ein med litterær tilnærming. Kombinasjonen mellom forelesingsform og seminarform er også noko som slår heldig ut.

Semesteroppgåva fungerer meir som ei heimeksamensoppgåve enn ei semesteroppgåve, sidan den går over seks veker, så arbeidet med denne vert også intenst og gjerne samstundes med at dei skal avslutta praksis. Det kan vera verdt å vurdera om det skal gjerast endringar i emneplanen og eventuelt heller gje studentane på dette kurset tilbod om ei semesteroppgåve som faktisk går over heile semesteret.

Eit tiltak som det er verdt å endra så snøgt som råd, er å gjera oppmøtet til kurset obligatorisk. Når me legg opp til at studentane skal utveksla refleksjonar og delta aktivt i undervisninga, nyttar det ikkje at det er valfritt oppmøte. Andre fagdidaktiske kurs på HF har alt innført obligatorisk undervisning, studentane etterspør denne styringa, så det er vil bli gjort.

Bergen, 2. august 2023

Ragnhild Lie Anderson

- emneansvarleg NODI302, våren 2023